


SYKKYLVEN KOMMUNE
KOMMUNEDELPLAN FOR
SENTRUM - IKORNNES
2019-2029

PID15282017004
Vedtatt 16.12.2019

Føresegner



| | |
|-----------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| 1. GENERELT | 3 |
| 2. BYGGEOMRÅDE (pbl § 11-7 nr. 1) | 3 |
| 2.1. Fellesføresegner | 3 |
| 2.1.1. Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1) | 3 |
| 2.1.2. Risiko og sårbarheit (§ 4-3) | 4 |
| 2.1.3. Krav om utforming og lokalisering av bygg og anlegg (pbl § 11-9 nr.5)..... | 4 |
| 2.1.4. Krav om rekkefølge (pbl § 11-9 nr.4) | 5 |
| 2.1.5. Utbyggingsavtaler (pbl § 11-9 nr.2) | 5 |
| 2.1.6. Tiltak langs sjø og vassdrag (§ 1-8 og §11-9 nr.5) | 5 |
| 2.1.7. Krav til uteareal (pbl § 11-9 nr.5)..... | 6 |
| 2.2. Bustadområde | 7 |
| 2.3. Sentrumsføremål | 7 |
| 2.4. Fritidsbygg (pbl § 11-9)..... | 8 |
| 2.5. Område for råstoffutvinning | 9 |
| 2.6. Næringsområde | 9 |
| 2.7. Kombinert bebyggelse..... | 9 |
| 3. VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET (pbl § 11-7 nr.2)..... | 9 |
| 4. GRØNTSTRUKTUR (pbl § 11-7 nr.3) | 9 |
| 5. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (pbl § 11-7 nr.5) | 10 |
| 6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (pbl §11-7 nr.6)..... | 11 |
| 7. OMSYNSSONER (PBL § 11-8) | 11 |
| 8. DISPENSASJONAR | 13 |
| 9. REGULERINGSPLANAR SOM SKAL GJELDE | 13 |

1. GENERELT

Kommunedelplan for sentrum - Ikornnes er juridisk bindande, og skal leggast til grunn ved all planlegging og sakshandsaming av enkeltsaker innan planområde.

Planen med føresegner er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) av 27.06.2008

Juridisk bindande føresegnene står i ramme med grå bakgrunn.

Anna tekst er ikkje juridisk bindande retningslinjer av rådgjevande og informativ karakter.

2. BYGGEOMRÅDE (pbl § 11-7 nr. 1)

2.1. Fellesføresegner

Frist for iverksetting av utbygging av godkjent byggeareal vert sett til 10 år. Ved rullering av plan vil byggeareal som ikkje er regulerte eller teke i bruk i samsvar med plan bli tatt opp til ny vurdering.

2.1.1. Krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1)

I område avsett til byggeformål kan tiltak nemnd i pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve), samt frådelling til slike føremål, ikkje finne stad før området inngår i godkjent reguleringsplan.

Følgjande tiltak krev likevel ikkje reguleringsplan:

- 1) Oppføring av alminneleg frittliggande garasje, uthus og liknande mindre tiltak.
- 2) Oppføring av tilbygg, påbygg, underbygg eller konstruksjon til bustad eller fritidsbustad som ikkje medføre ny bustadeining.
- 3) Oppføring av tilbygg, påbygg, underbygg eller konstruksjon til andre formål enn bustad- og fritidsbyggnad, dersom tiltaket er mindre enn 50 m².
- 4) Fasadeendring. Gjeld ikkje fasadeendring som gir eit anna uttrykk enn det som er vanleg i området.
- 5) Tiltak i eksisterande byggverk som ikkje medfører endring i brukseiningar eller som gir vesentleg endring av eksisterande bruk.
- 6) Mindre tiltak utandørs.
- 7) Mindre frådelingar, grensejusteringar eller arealoverføringar av eigedom som ikkje har vesentleg konsekvens for vidare utnytting og utvikling av området.
- 8) Tiltak som er nemnd i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav e, f, h, i, j, samt k og l, dersom dette ikkje har vesentleg konsekvens for vidare utnytting og utvikling av området.

For at føresegna i andre ledd pkt.1-8 kan nyttast, er det en føresetnad at tiltaket skjer på allereie bebygde eigedomar og at det er eit alminneleg behov for tiltaket. Tiltaket må kunne underordne seg allereie eksisterande estetisk utforming, samt underordne seg kravet til utnyttingsgrad. Det er vidare også en føresetnad at tiltaket kan nytte seg av allereie eksisterande teknisk infrastruktur og transportsystem.

2.1.2. Risiko og sårbarheit (§ 4-3)

Samfunnstryggleik og beredskap skal ivaretakast i arealplanlegginga. Vurdering av risiko skal inngå i reguleringsplanar og i byggesakshandsaming. Utgreiing skal vere avgrensa til relevante problemstillingar. Behov for avbøtande tiltak skal avklarast.

Fare for flodbølge som følge av skred på Åkneset

I planområdet til gjeldande reguleringsplanar som ligg i faresona for flodbølge kan utbygging ikkje finne stad før det kan dokumenterast at desse planane stetter vilkåra i ny byggtknisk forskrift (FOR 2010-03-26 nr. 489) kapittel 7.

Krav om ny reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiing må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Relevant og oppdatert kunnskap skal leggest til grunn for vurdering av risiko.

NVE la i 2015 fram ny rapport om skredfarekartlegging for planområdet.

ROS-analyse for Sykkylven kommune (2017) peikar på andre risikotilhøve som også skal leggest til grunn ved avgrensing av relevante problemstillingar.

For bygg i tryggleiksklasse 1 er det krav om minste kotehøgde 2.4 moh (NN 2000) av omsyn til risiko ved stormflo.

For bygg i tryggleiksklasse 2 er det krav om minste kotehøgde 3.0 moh (NN 2000) av omsyn til risiko ved stormflo og flodbølge.

For bygg i tryggleiksklasse 3 er det krav om minste kotehøgde 4.7 moh (NN 2000) av omsyn til risiko ved flodbølge.

Av beredskapsomsyn skal nye vegar ha maksimum stigning 10%. Over korte rette strekningar inntil 60m kan stiging aukast til 12%.

2.1.3. Krav om utforming og lokalisering av bygg og anlegg (pbl § 11-9 nr.5)

Estetikk

Ved utbygging skal det leggest vekt på estetisk utforming, tilpassing til landskap og terreng.

Universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal leggest til grunn ved alle plansaker, ved planlegging og utbygging av publikumsretta bygg, alle kommunale bygg og offentlege eller felles private anlegg og uterom.

Det skal greiast ut korleis desse omsyna er ivaretatt.

Energi

Bygg skal plasserast og utformast med omsyn til lokale klimatiske tilhøve for å redusere samla energibruk.

Støy

I samband med utarbeiding av reguleringsplanar og søknadspliktige tiltak som grensar mot industriområde med støyande verksemder, fylkesvegar, riksvegar og andre støykjelder skal støyforhold vurderast. Støyforhold skal oppfylle Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Avbøtande tiltak skal omtalast i regulerings- og byggesakene, samt innarbeidast i føresegnene til reguleringsplan.

2.1.4. Krav om rekkefølge (pbl § 11-9 nr.4)

I område som er sett av til byggeformål kan utbygging ikkje skje før godkjente tekniske anlegg (køyreveg, gang- og sykkelveg, avløp, kraft- og vassforsyning) er etablert og samfunnstenester (barnehage og skule) er dekt i tilstrekkeleg grad.

Område BU6 må ut frå beredskapsomsyn dokumentere tilkomstveg frå kommunal veg med maksimum stigning på 10%. Over korte rette strekningar inntil 60m lengde kan stigning aukast til 12%.

Område BU17 føreset at det vert etablert trafikktrygg skuleveg.

Område RO2 må etablere trafikktrygg tilkomst gjennom reguleringsplan.

2.1.5. Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr.2)

I alle plan- og byggesaker kan det utarbeidast utbyggingsavtalar mellom kommunen og utbyggjar for utbygging av teknisk infrastruktur (veg, parkering, vatn og avløp, energi) og grøn infrastruktur (uteareal, gang- og turveg).

2.1.6. Tiltak langs sjø og vassdrag (§ 1-8 og §11-9 nr.5)

I byggeområde er det ikkje tillate å gjennomføre tiltak etter pbl § 1-6 inntil 20 meter frå strandlinja i sjø, dersom ikkje anna er bestemt i reguleringsplan.

Tiltak i byggeområder for naust/rorbuer kan plasserast nærare på føresetnad om at det stettar krav til tryggleik, jf. vilkåra i byggteknisk forskrift (FOR 2010-03-26 nr. 489) kapittel 7. Dette gjeld også for plassering av naust i områder for spreidd naustbygging.

Byggegrense langs vassdrag:

Andre tiltak etter pbl § 1.6 1.ledd enn fasadeendring og riving kan ikkje settast i verk nærare enn 20-meter på begge sider av vassdrag, dersom ikkje anna er bestemt i reguleringsplan

Risiko langs mindre elver og bekker (som ikkje er dekt av omsynssone H320_1 og H320_2):

Innanfor 20 meter frå kvar side av elv og bekker, målt frå toppen av elv-/bekkekant, kan ikkje tiltak eller reguleringsplan godkjennas før det føreligg ei fagkunnig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkelig tryggleik, jf. tekniske forskrift kapittel 7.

Dersom det er naudsynt med sikringstiltak og/eller risikoreduserande tiltak, skal dette vere etablert før bygging kan settast i gang.

Byggegrensa langs vassdrag skal ivareta natur-, kulturmiljø- og friluftsiinteresser.

Langs bredda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte, jf. vassressurslova § 11. Ved fastsetting av bredda på kantsona skal Sykkylven kommune sin rettleiar «Kantsoner langs vassdrag – eit viktig miljøtiltak» leggst til grunn.

Vilkår for nyetablering og utviding av havner:

Båthavner med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområder skal være utstyrt med oljeskillar. Dette vil redusere forureining frå land til sjø.

Det skal leggjast til rette for kjeldesortering av avfall i småbåthavner, og miljøfarleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte.

Bryggeanlegg og bølgebrytarar bør utformast og plasserast med tanke på å oppretthalde tilstrekkeleg vassgjennomstrøyming for å oppretthalde god vasskvalitet.

2.1.7. Krav til uteareal (pbl § 11-9 nr.5)

Leikeplassar bør plasserast i tilknytning til, og i samband med, vegetasjonsberande areal og med andre område som ikkje er utbygd.

Ved alle plan- og byggesaker skal det gjerast greie for plassering av felles uteareal. Det skal dokumenterast om behov for eksisterande og ny utbygging er dekt.

Eksisterande idrettsanlegg og skuleplassar kan stette behov for fellesleikeplass, når desse oppfyller krav til uteareal. Om behovet er dekt må vurderast i kvart enkelt tilfelle og skal også dokumenterast.

Ved ny planlegging av bustadfelt skal det for kvar buening settast av min. 50 m² til leikeplass og andre friområde. Uteoppfallsareal for den enkelte buening skal etablerast i tillegg til leike- og friområde.

Leikeplassar og uteoppfallsareal skal ha tilfredsstillande støyforhold (maks. 55 dbA).

Leikeplassane skal ha solrik plassering, vere skjerma mot forureining, trafikkfare og sterke elektromagnetiske felt.

Areal brattare en 1:3 og areal for kvartalsleikeplassar og fellesleikeplassar smalare enn 10 meter skal ikkje reknast med.

Leikeplassar skal stette krav til universell utforming.

Leikeplassar skal gi eit allsidig leiketilbod med følgjande oppdeling:

Nærleikeplass

Alle bueningar skal innan gangavstand på 50 meter ha ein nærleikeplass med storleik på minst. 200 m². Maks. 20 bueningar kan være felles om leikeplassen som min. skal ha sandkasse, benk, noko fast dekke jamfør krav til universell utforming og eit leikeapparat.

Kvartalsleikeplass

Alle bueningar skal innan gangavstand på 250 meter ha ein kvartalsleikeplass med storleik på minst. 1500 m². Maks. 50 bueningar kan være felles om leikeplassen som skal leggjast til rette for varierte aktivitetar som til dømes balleik, aking, sykling og liknande.

Fellesleikeplassar

Ved ein samla utbygging over 150 bueningar skal det i tillegg etablerast eller leggjast til rette for ein fellesleikeplass. Plassen med storleik på min. 3000 m² skal ligge i ein gangavstand på maks. 500 meter frå bustaden. Fellesleikeplassen skal leggjast til rette for balleik og andre aktivitetar som er plasskrevjande.

Før ferdigattest eller mellombels bruksløyve blir gitt, skal nærleikeplassen som buening tilhøyrer vere opparbeidd.

Ved omdisponering av areal som i plan er avsett til felles areal og friområde skal det skaffast fullverdig erstatning.

Nærleikeplassar skal settast av i alle område der det vert etablert 5 eller fleire bueningar.

Kvartalsleikeplassar skal settast av i alle område der det vert etablert 20 eller fleire bueningar.

Parkering

Det er stilt følgjande krav til parkering:

Bustader:

1 plass pr bustad opp til 80 m²

1,5 plass pr bustad mellom 80 og 120 m²

2 plassar pr bustad over 120 m²

I tillegg skal det settast av 1 sykkelparkeringsplass pr buening.

Forretning/Kontor/ tenesteyting: 1 plass pr 50 m² bruksareal

I tillegg skal settast av 1 sykkelparkeringsplass 200 m² bruksareal.

Innanfor sentrumsområde i plan kan det der det ikkje let seg gjere å etablere nok parkeringsplassar ut frå plassbehov, i staden for parkeringsplass på eigen grunn eller på fellesareal, bli innbetalt eit beløp for kvar manglande parkeringsplass til kommunen for bygging av parkeringsanlegg.

Kommunen vil utarbeide nærare retningslinjer for parkeringsordninga i sentrum, herunder takstar.

2.2. Bustadområde

Grad av utnytting (pbl § 11-9 nr.5)

For bustadområde skal utnyttingsgrad %BYA (inkl. biloppstillingsplass og garasje) og utbyggingshøgde fastsettast i reguleringsplan.

Bustadområde for einebustad og tomannsbustad skal %BYA vere maks. 35%, for konsentrert småhusutbygging (kjede-, rekkehus) maks. 40%, for lavblokker og blokker maks. 50%.

Utnyttingsgraden gjeld konkret for tiltak som ikkje krev reguleringsplan i ikkje regulerte områder og for utbygging i LNF-områder med spreidd bustadbygging.

I reguleringsplanar der utnytting er regulert ved bruk av «u-grad», erstattast dette med kravet i andre ledd.

Ved utrekning av utnytta areal skal Miljøverndepartementet sin rettleiar for grad av utnytting leggst til grunn.

Det vert oppfordra til å vektlegge variert tomtestorleik, gode fellesareal og grøntområde utover minstekrava for å skape særprega og attraktive bustadområde.

2.3. Sentrumsføremål

Areal avsett til sentrumsføremål kan nyttast til forretning, kontor, tenesteyting, reiseliv og bustad, med tilhøyrande funksjonar. Parkering og grøntareal kan etablerast innanfor føremålet.

Gjennom detaljregulering kan det opnast for høgare utnyttingsgrad enn for bustadområde.

2.4. Fritidsbygg (pbl § 11-9)

Rorbu

Rorbu vert definert som naust der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der andre etasjen er innreidd for overnatting og opphald.

Bygging av rorbuer føreset utarbeiding av reguleringsplan. Maksimal storleik er 50 m² BRA per etasje i to etasjar.

Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra.

Utbygging skal vere tett og skape heilskapelege havnemiljø mest mogleg i tråd med lokal byggeskikk og tradisjon.

For rorbuer skal det leggjast til rette for avfallsløysingar i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk.

Plassering av rorbuer skal ta omsyn til evt. turveggar, grøntområde, barnetrakkregistrering mm. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, plating eller andre stengsler som hindrar/privatiserer for ålmenta sin tilgang til strandsona.

Omgjering av eksisterande naust til rorbu innanfor godkjente rorbuområde kan godkjennast utan krav til reguleringsplan når endringa ikkje inneber vesentleg endra bygnadsvolum og arealbruken i området elles er avklara. Omgjering krev utvida/endra løyve til avkøyrsløysing frå offentleg veg, jfr. §40 i veglova.

Naust

Naust vert definert som bygg for oppbevaring av mindre båtar, fiskereiskap, båtutstyr og anna utstyr for fritidsbruk. Naust skal ikkje byggjast, isolerast eller innreist som overnattingsstad. Naustbygga skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, karnapp eller liknande fasadeelement.

Plassering av naust skal ta omsyn til evt. turveggar, grøntområde, barnetrakkregistrering mm., og må ikkje hindre fri ferdsel i strandsona.

Generell maksimal nauststorleik er 50 m² BRA og med mønehøgde inntil 5 meter mot sjø. Samla vindaugsflate kan maks utgjere 3% av BRA.

Ved regulering kan det opnast for naust på inntil 60m² BRA i utvalde byggeområde basert på ei nærare vurdering.

Naust skal plasserast min. på kote 2.4 (NN 2000) + lokal bølgeverknad, grunna tryggleik mot stormflo, dersom ikkje anna løysing etter byggtknisk forskrift (TEK17) kapittel 7 kan dokumenterast.

I område for naustbygging kan enkeltnaust med BRA inntil 50 m² godkjennast utan reguleringsplan.

Det kan dispenserast frå arealavgrensinga på naust for manntalsførte fiskarar med registrert fiskefartøy i Sykkylven kommune.

2.5. Område for råstoffutvinning

Råstoffutvinning

Før nye råstoffområde vert teke i bruk og ved utviding av eksisterande uttak, skal det ligge føre godkjent reguleringsplan. (§ 11-9, pkt.1)

2.6. Næringsområde

I næringsområder er det ikkje opna for detaljhandel som er i strid med statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (KMD) og Regional delplan for attraktive byar og tettstadar (Møre og Romsdal fylkeskommune 2015).

NÆ1 – Området skal nyttast til reiseliv/hotell. Utbygging skal spesielt ivareta og bygge opp under offentleg parkområde på Klokkehaugen og utvikling av møbelpark i området.
Dersom planar for utbygging ikkje er realisert innan 10 år fell arealet tilbake til friområde.

NÆ2, NÆ3 og NÆ5 - Områda skal nyttast til reiselivsverksemd med spreidd utbygging av enkle overnattingsbygg med særleg landskaps- og naturtilpassing og minimale naturinngrep.

Rikspolitiske bestemmelse for kjøpesenter opphørte 1.juli 2018. Omsynet bestemmelsen ivaretok er nå dekket av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (KMD).

2.7. Kombinert bebyggelse

I område avsett til kombinert bebyggelse kan det byggast bustadar, forretning og kontorlokale i kombinasjon, eller berre eitt av formåla.

3. **VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET (pbl § 11-7 nr.2)**

Avkjørsler frå riks- og fylkesvegar skal leggest, brukast og utformast i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande vegnormal og rammeplan for avkjørsler, utarbeidd av Statens vegvesen.

Nye vegtraséar vist på plankartet er retningsgivande. Detaljert linjeføring for samle-, tilkomst- og gangvegar skal avklarast i reguleringsplan.

Alternative trasear for Storfjordsambandet er vist som illustrasjonar i plankart.

4. **GRØNTSTRUKTUR (pbl § 11-7 nr.3)**

Innanfor friområde kan det oppførast anlegg og mindre bygningar som naturleg har tilknytning til og som fremjar bruken av området i høve friluftsliv, rekreasjon og fysisk aktivitet. Situasjonsplan skal godkjennast av kommunen.

5. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (pbl § 11-7 nr.5)

Innafor LNF-område skal det ikkje tillatast ny eller vesentleg utviding av bustad-, nærings- eller fritidsutbygging eller frådelling til slike formål.

Forbodet gjeld ikkje utbygging som har direkte tilknytning til stadbunden næring. For utbygging knytt til stadbunden næring gjeld same reglane som for LNF-spreidd utbygging pkt 1-9.

LNF-spreidd utbygging:

Område SB4 – spreidd næring er avsett til campingdrift innanfor Landbruk+.

I LNF-område der spreidd bustadbygging vert tillate (pbl § 11-7 nr.5 b) gjeld:

- 1) Innanfor områda SB1, 2 og 3 kan det i kvart område delast frå/oppførast inntil 4 bustadar utan plankrav i planperioden.
- 2) Frådelling og bygging på areal som er klassifisert som verdifull dyrka jord innanfor kjerneområde landbruk, kan berre utførast dersom det er avklara i høve jordlova.
- 3) Tilkomstveg skal ikkje fragmentere eller forverre arrondering av dyrkajord.
- 4) Frådelling og bygging på areal som er klassifisert som verdifullt kulturlandskap innanfor kjerneområde landbruk skal dokumentere at det vert teke omsyn til landskap og landbruksdrift i området.
- 5) Lokalisering nær, eller samlokalisering med eksisterande busetting vert tilrådd.
- 6) Ved avkøyning direkte frå fylkesveg skal eksisterande avkøyrsløype nyttast. Det skal ligge føre løyve til avkøyrsløype frå Statens vegvesen.
For kommunal veg skal det ligge føre avkøyrsløype frå kommunal vegmynde.
For køyning på privat veg skal det ligge føre skriftleg vegrett frå heimelshavar (-ar) til vegen.
- 7) Frådelling skal berre skje i samsvar med veglova (§ 29) sine krav til byggegrense til offentleg veg: 50 m til fylkesveg, 15 m til kommuneveg og 15 m til gang- og sykkelveg. Alle avstandar målt frå midtline veg.
- 8) I LNF-område der spreidd utbygging vert tillate gjeld byggeforbod inntil 20 meter frå strandlinja langs sjø og vassdrag.
Avstanden skal målast i horisontalplanet ved gjennomsnittleg flaumvasstand.
- 9) Ved frådelling skal det haldast ein minsteavstand til eksisterande eller planlagde turvegar/stiar/skiløyper på 20 m.
- 10) I alle byggesaker der ein bygger på ubebygd eller gjer terrenginngrep i ubebygd grunn skal det innhentast uttale frå fylkesarkeologen.
- 11) Frådelling skal ikkje skje i område som er registrert som viktig for biologisk mangfald (BM), i område med spesielle naturtypar eller som er leveområde for sjeldne planter eller dyr, jfr. BM-kartlegging og viltkartverk.
- 12) Ved frådelling innanfor mogleg risikoutsett areal må ein kunne dokumentere akseptabel tryggleik gjennom detaljkartlegging og evt. avbøtande tiltak.

Mindre tiltak på eller til eksisterande bustadar eller fritidsbustadar vert ikkje rekna som vesentleg utviding i LNF-området. Døme på dette er mindre tilbygg og påbygg. Alminneleg frittliggande garasje, uthus og liknande mindre tiltak reknast heller ikkje som vesentleg utviding. Det er ein føresetnad at det ligg føre eit alminneleg behov for tiltaket.

6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (pbl §11-7 nr.6)

Sjøareal er avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor området.

7. OMSYNSSONER (PBL § 11-8)

H190 Omsynssone for mineralressursar (§ 11-8 pkt. a)

Innanfor sona skal omsyn til mineralressursar vurderast særskildt ved eventuelle byggetiltak. Ressursar i grunn skal så langt råd ivaretakast for mogleg framtidig utnytting.

H210/220 Aktsemdssone støy (§ 11-8 pkt. a)

Innanfor sonene kan ikkje byggetiltak gjennomførast før avbøtande tiltak er dokumentert. I samband med utarbeiding av reguleringsplanar og søknadspliktige tiltak innanfor støyvarselsone H210 og H220 skal støyforhold vurderast. Støyforhold skal oppfylle Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Avbøtande tiltak skal omtalast i regulerings- og byggesakene, samt innarbeidast i føresegnene til reguleringsplan.

H310_1 Faresone ras- og skredfare (§ 11-8 pkt. a)

Inndeling jamfør byggeteknisk forskrift kap.7 § 7-3:

H310_1_100

Områda ligg innanfor faresone skred med største nominelle årlege sannsyn 1/100, kartlagt av NVE 2015. Det ikkje tillate med tiltak innanfor sikkerhetsklasse S1, S2 eller S3 utan skredfaglig vurdering og dokumentasjon av sikkerhet i jamfør krava i teknisk forskrift.

H310_1_1000

Områda ligg innanfor faresone skred med største nominelle årlege sannsyn 1/1000, kartlagt av NVE 2015. Det ikkje tillate med tiltak innanfor sikkerhetsklasse S2 eller S3 utan skredfaglig vurdering og dokumentasjon av sikkerhet i jamfør krava i teknisk forskrift.

H310_1_5000

Områda ligg innanfor faresone skred med største nominelle årlege sannsyn 1/5000, kartlagt av NVE 2015. Det ikkje tillate med tiltak innanfor sikkerhetsklasse S3 utan skredfaglig vurdering og dokumentasjon av sikkerhet i jamfør krava i teknisk forskrift.

Tiltak i strid med kartlagt rasfare kan berre gjennomførast ved avbøtande tiltak i samsvar med byggeteknisk forskrift kapittel 7.

H310_2 Aktsemdsone for område-skred (§ 11-8 pkt. a)

Areal med potensiell ustabil grunn/førekomst av kvikkleire. Ved regulering og/eller byggetiltak må det dokumenterast trygg byggegrunn.

H310_3 Aktsemdsone snøskred og steinsprang (NGI) (§ 11-8 pkt. a)

Viser potensiell fare. Innenfor aktsemdsone kan ikkje byggetiltak eller reguleringsplan godkjennas før det føreligg ei fagkunnig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkelig tryggleik, jf. tekniske forskrift kapittel 7.

Dersom det er naudsynt med sikringstiltak og/eller risikoreduserande tiltak, skal dette vere etablert før bygging kan settast i gang.

H310_4 Aktsemdsone jord- og flaumskred (§ 11-8 pkt. a)

Viser potensiell fare. Innenfor aktsemdsone kan ikkje tiltak eller reguleringsplan godkjennas før det føreligg ei fagkunnig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkelig tryggleik, jf. tekniske forskrifter. Dersom det er naudsynt med sikringstiltak og/eller risikoreduserande tiltak, skal dette vere etablert før bygging kan settast i gang.

H310_5 Flodbølgeoppskyllingssone (§ 11-8 pkt. a)

Eventuelle byggetiltak innanfor faresone for flodbølgeoppskylling etter ras i Åkneset, skal skje i samsvar med krav i byggteknisk forskrift kapittel 7.

H320_1 Faresone flaum (§ 11-8 pkt. a)

200 års flaumsone med 20% klimapåslag. Tiltak i strid med kartlagt flaumsone (tiltak i tryggleiksklasse F2 og F3) kan berre gjennomførast ved avbøtande tiltak i samsvar med byggteknisk forskrift kapittel 7.

H320_2 Aktsemdsone flaum (§ 11-8 pkt. a)

Viser potensiell fare. Innenfor aktsemdsone kan ikkje tiltak eller reguleringsplan godkjennas før det føreligg ei fagkunnig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkelig tryggleik, jf. tekniske forskrifter. Dersom det er naudsynt med sikringstiltak og/eller risikoreduserande tiltak, skal dette vere etablert før bygging kan settast i gang.

H320_3 Faresone stormflo

Viser 1000 års sone, tryggleiksklasse 3. Sone er beregna og korrigert for havnivåstigning og landheving i 2090. Eventuelle byggetiltak innanfor faresone for stormflo, skal skje i samsvar med krav i byggteknisk forskrift kapittel 7.

H370 Faresone høgspentanlegg

Sone angir område med fare for elektromagnetisk felt over 0,4 mikrotesla.

Det vert krevd utredning av magnetfelt før utbygging av bygninger og anlegg for personopphold som skal gi grunnlag for å vurdere forebyggende tiltak for å redusere påvirkning av magnetfelt.

H390 Aktsemdsone storulukke

Innanfor aktsemdssone storulukke vert det, før offentleg ettersyn i reguleringssaker, og før rammeløyve kan gis i byggesaker, kravd ROS-analyse/fareutgreiing som dokumenterer at sikkerhetskrav fastsett av DSB kan oppfyllest.

Ved endring eller utviding av eksisterande verksemd skal omfang av aktsemdsone vurderast på nytt.

H530 Friluftsliv (§ 11-8 pkt. c)

Tiltak innanfor sone skal dokumentere omsyn til friluftssinteresser

H560 Naturmiljø (§ 11-8 pkt. c)

Tiltak innanfor sone skal ikkje utførast på ein slik måte at dei forringar eller øydelegge registrerte verdifulle naturkvalitetar.

H570 Kulturmiljø

Tiltak innanfor sonene skal ikkje forringe eller øydelegge registrerte verdifulle kulturmiljø.

H590 Råstoffressursar

Omsynssone H590 omfattar område med mogleg drivverdige råstoffressursar. I desse områda bør det ikkje tillatast tiltak som hindrar framtidig råstoffutvinning.

H730 Automatisk freda kulturminne

Omfattar automatisk freda kulturminne med sikringssoner. Det er ikkje høve til å sette i gong graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det freda kulturminne og verneområde rundt eller framkalle fare for at det kan skje.

For Sykkylven mellomalder kyrkjestad gjeld spesielt:

«Sykkylven mellomalderske kyrkjestad er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjestaden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flyttast eller fjernast utan at kulturminnemyndigheitene er gitt høve til å komme med fråsegn. Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette

kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige undersøkingar skal belastastiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»

H740 Bandlegging etter anna lovverk (energilova)

Sone kring høgspenlinjer. Det er byggeforbod innanfor sona og lovpålagte sikkerhetshensyn skal takast i vare.

H910 Område kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde (§ 11-8 pkt. f)

Om ikkje anna er bestemt gjeld ny kommunedelplan føre eldre reguleringsplanar. Reguleringsplanar vedtatt etter kommunedelplanen vil gjelde føre denne.

8. DISPENSASJONAR

Kommunen kan jfr. pbl §19-2 gi varig eller mellombels dispensasjon frå planen, men berre dersom omsynet til formåla i plan og føresegner ikkje vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved dispensasjon vere klart større enn ulempene, og det skal leggjast særleg vekt på helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og på statlege og regionale rammer og mål.

Eventuelle dispensasjonssøknadar i område utanfor område kartlagt for skredfare, jfr. NVE-rapport 34/2015 – *Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune*, krev eiga skredfarevurdering.

Kommunen sitt høve til å gi dispensasjon er avgrensa. Dispensasjon krev grunngjeven søknad og det må liggje føre ei klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon.

Før eventuell dispensasjon vert gitt, skal kommunen hente inn fråsegn frå regionale og statlege styresmakter som har interesse i området.

9. REGULERINGSPLANAR SOM SKAL GJELDE

Følgjande reguleringsplanar skal framleis gjelde. Der det er motstrid mellom reguleringsplan og kommunedelplanen, skal kommunedelplanen gjelde.

| Plan-ID | Plannavn | Vedtaksdato | Hensynssonenavn |
|-------------|--------------------------------------------------|-------------|-----------------|
| 15281966001 | Reguleringsplan for Haugneset, Sjukeheimsområdet | 28.04.1966 | H910_1 |
| 15281969001 | Reguleringsplan for Knutgarden Ikornnes | 04.11.1969 | H910_2 |
| 15281972001 | Reguleringsplan for VIK | 24.11.1972 | H910_3 |
| 15281973001 | Reguleringsplan Grebstadlia 1 | 08.10.1973 | H910_4 |
| 15281973002 | Reguleringsplan for Sætre/Hellen | 08.11.1973 | H910_5 |
| 15281973003 | Reguleringsplan for Aure Sentrum (Hovedplan) | 19.12.1973 | H910_6 |
| 15281974001 | Reguleringsplan for Aursnesområdet (Hovudplan) | 19.03.1974 | H910_7 |
| 15281975003 | Reguleringsplan for Aursnes Nedre | 13.11.1975 | H910_8 |
| 15281976003 | Reguleringsplan for Grebstadlia II | 17.09.1976 | H910_9 |
| 15281977001 | Reguleringsplan for Vikedalen 1 | 23.05.1977 | H910_10 |
| 15281977004 | Reguleringsendring for Vikedalen 1 (15281977001) | 07.11.1977 | H910_11 |
| 15281978001 | Reguleringsendring for Aursnesområdet | 04.04.1978 | H910_12 |

| | | | |
|-------------|-----------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------|----------|
| 15281978002 | Reguleringsendring for Aursnes Øvre | 19.04.1978 | H910_13 |
| 15281978003 | Reguleringsendring for Sætre/Hellen | 26.06.1978 | H910_14 |
| 15281979001 | Reguleringsplan for Ullavika - Fauske I | 04.05.1979 | H910_15 |
| 15281979002 | Reguleringsplan Ullavik/Fauske II | 07.05.1979 | H910_16 |
| 15281979003 | Reguleringsendring for Knutgarden, Ikornnes | 11.05.1979 | H910_17 |
| 15281980001 | Reguleringsplan for ny RV 60, parsell Aure Bru-Tynes | 09.12.1980 | H910_18 |
| 15281980002 | Reguleringsendring for Vikedalen 1 | 23.12.1980 | H910_19 |
| 15281981001 | Reguleringsplan for Pilkvitla | 03.09.1981 | H910_20 |
| 15281981003 | Reguleringsendring for Vikedalen II | 18.11.81 og 26.01.84 | H910_21 |
| 15281982001 | Reguleringsplan for gangveg Klokkehaug-Tjønes | 07.01.1982 | H910_22 |
| 15281982005 | Reguleringsplan for Aursnes Nord | 28.10.1982 | H910_23 |
| 15281983001 | Reguleringsplan for Helleskjerva | 14.02.1983 | H910_24 |
| 15281983002 | Reguleringsendring for Grebstadlia II | 10.06.1983 | H910_25 |
| 15281984003 | Reguleringsplan for Haugneset | 25.04.1984 | H910_26 |
| 15281984004 | Reguleringsendring for Aursnes Vest | 26.09.1984 | H910_27 |
| 15281985001 | Reguleringsplan for Aursnes Vest Biloppstillingsplassar M.V. | 16.09.1985 | H910_28 |
| 15281985002 | Reguleringsendring for Grebstadlia I (Utviding av planområdet) | 04.11.1985 | H910_29 |
| 15281986001 | Reguleringsplan for Haugsetvegen, Del I og II | 14.01.1986 | H910_30 |
| 15281986002 | Reguleringsplan for Aure Nord | 20.05.1986 | H910_31 |
| 15281986003 | Reguleringsplan for Aure Aust | 14.07.1986 | H910_32 |
| 15281987006 | Reguleringsplan for Vikedalen II, felt B1 og B2 | 06.07.1987 | H910_33 |
| 15281988001 | Reguleringsendring for Ullavik-Fauske II, Hjellegjerde | 13.04.1988 | H910_34 |
| 15281989003 | Reguleringsplan for Grebstadvegen Del I og Del II | 28.03.1989 | H910_35 |
| 15281989004 | Reguleringsplan for deler av Myhrebruket (Eldrebustader) | 02.05.1989 | H910_36 |
| 15281989005 | Reguleringsendring for en del av 17/6 VIK (til industriområdet) | 30.05.1989 | H910_37 |
| 15281989006 | Reguleringsendring for Grebstadlia II | 05.06.1989 | H910_38 |
| 15281989008 | Reguleringsplan for gangveg Grebstaddalen, Del 1 og 2 | 19.07.1989 | H910_39 |
| 15281989010 | Reguleringsplan for Sykkylvsbrua (Vik del) | 06.11.1989 | H910_40 |
| 15281990001 | Reguleringsplan for Nedre Ikornnes, Gbr. 41/2 | 07.05.1990 | H910_41 |
| 15281991002 | Reguleringsendring for Ullavik/Fauske I, Jacobsgarden | 04.11.1991 | H910_42 |
| 15281991003 | Reguleringsendring for Ullavik/Fauske I, Eliasaneplassen | 04.11.1991 | H910_43 |
| 15281991004 | Reguleringsendring for Vikedalen 1 - Hetlandhus | 17.12.1991 | H910_44 |
| 15281992001 | Reguleringsplan for Masiplassen | 04.05.1992 | H910_45 |
| 15281993001 | Bebyggelsesplan Karl Fredrik Vik | 04.11.1993 | H910_115 |
| 15281993002 | Utbyggingsplan Krikane | 04.11.1993 | H910_46 |
| 15281993003 | Utbyggingsplan Ullavik/Fauske I "Elisgarden", B4 | 04.11.1993 | H910_47 |
| 15281994002 | Reguleringsendring for Ullavik/Fauske I-II, Låna 3/1 og Botolfplassen 3/4, Indre Fauske | 09.06.1994 | H910_48 |
| 15281994005 | Reguleringsendring for Haugbukta | 07.11.1994 | H910_49 |
| 15281995002 | Reguleringsendring for Aure Sentrum (Ny Kyrkjegard) | 06.02.1995 | H910_50 |
| 15281995003 | Reguleringsplan for Knutbakkane | 06.03.1995 | H910_51 |
| 15281995004 | Bygnadsplan for Myretun II (Eldrebustader I) | 08.06.1995 | H910_52 |
| 15281995008 | Bygnadsplan for Myretun III (Eldrebustader II) | 28.09.1995 | H910_53 |
| 15281995009 | Reguleringsplan for Brauta Jarnes | 20.11.1995 | H910_54 |
| 15281996003 | Reguleringsplan/ending Kapteinsgarden (Nillebruket) | 01.07.1996 | H910_55 |
| 15281996004 | Reguleringsplan for Storhagen, del av Gbr. 7/14 | 07.10.1996 | H910_56 |
| 15281997001 | Bygnadsplan for Storhagen | 28.01.1997 | H910_57 |

| | | | |
|-------------|----------------------------------------------------------------------------------|------------|----------|
| 15281997003 | Reguleringsplan for Gjerdefabrikken | 26.05.1997 | H910_58 |
| 15281997004 | Reguleringsendring for Ullavik - Fauske I, Jørgengarden | 26.05.1997 | H910_59 |
| 15281998001 | Reguleringsplan for Lillehaugen | 02.03.1998 | H910_60 |
| 15281998002 | Bygnadsplan for Lillehaugen | 20.04.1998 | H910_61 |
| 15281998005 | Reg.Plan BK1-Klokkehaug/Vik | 25.05.1998 | H910_62 |
| 15281998006 | Bygnadsplan for Klokkehaug/Vik BK1 | 25.05.1998 | H910_63 |
| 15281998007 | Bygnadsplan for Kapteinsgarden (Nillebruket) | 22.06.1998 | H910_64 |
| 15281998010 | Bygnadsplan for Myreryggen | 12.10.1998 | H910_65 |
| 15281999001 | Reguleringsplan for Nedre Ikornnes | 08.02.1999 | H910_66 |
| 15281999002 | Reguleringsplan for Grebstad I/Myra | 08.02.1999 | H910_67 |
| 15281999005 | Reguleringsplan for Helleneset på Ikornnes | 11.10.1999 | H910_68 |
| 15281999007 | Bygnadsplan Klokkehaug - Vik BK2 | 24.11.1999 | H910_69 |
| 15282000001 | Reguleringsendring for Nedre Ikornnes | 07.02.2000 | H910_70 |
| 15282000004 | Reguleringsplan for Klokkehaug - Vik | 13.03.2000 | H910_71 |
| 15282000005 | Utbyggingsplan for Reg.Endring for Aure Aust B4 | 12.04.2000 | H910_72 |
| 15282000007 | Bygnadsplan for Ullavik/Fauske; Solberg 7/39, Bakketun 7/101 | 04.09.2000 | H910_73 |
| 15282000008 | Reguleringsendring for Haugneset | 04.09.2000 | H910_74 |
| 15282000009 | Reg.Plan/endring sileanlegg VIK | 04.09.2000 | H910_75 |
| 15282001003 | Reguleringsplan/Bygnadsplan for Olav Hole, Tynes 19/91 | 05.02.2001 | H910_76 |
| 15282001005 | Reguleringsplan for Industriområde Ytre Jarnes | 05.02.2001 | H910_77 |
| 15282001007 | Bebyggelsesplan for Grebstad I/Myra - B4,B5,B6,B7 og del av B1 og B2 | 29.08.2001 | H910_78 |
| 15282001010 | Reguleringsplan for 43/8 Legane, Jarnes | 17.12.2001 | H910_79 |
| 15282001011 | Reguleringsplan Vikøyra Industriområde | 17.12.2001 | H910_80 |
| 15282001012 | Reguleringsplan for Øvstetegane Gbr. 14/584 | 17.12.2001 | H910_81 |
| 15282002002 | Reguleringsendring for Jarnesodden | 29.04.2002 | H910_82 |
| 15282002003 | Reguleringsplan for Blindheimsfjæra II, NAUST | 03.07.2002 | H910_83 |
| 15282002004 | Reguleringsendring for Sætre/Hellen, Byggefelt | 09.09.2002 | H910_84 |
| 15282002006 | Reguleringsplan for Aurelia 2 | 21.10.2002 | H910_85 |
| 15282003002 | Regulerings RV60 Aure Sentrum | 28.04.2003 | H910_86 |
| 15282003003 | Reguleringsendring for Aure Aust/Krikane II | 30.06.2003 | H910_87 |
| 15282003004 | Reguleringsplan for Bøen | 08.09.2003 | H910_88 |
| 15282004001 | Reguleringsplan for Tynesvegen, parsell 1 | 09.02.2004 | H910_89 |
| 15282004004 | Reguleringsplan for Ullavik, IDEBYGG | 23.09.2004 | H910_90 |
| 15282005002 | Reguleringsendring for Aure Aust, Gbr. 14/11 | 26.05.2005 | H910_91 |
| 15282005003 | Bygnadsplan for Grebstadlia, mellom 1 og 2, Gbr. 7/248 | 01.09.2005 | H910_92 |
| 15282006001 | Reguleringsplan for Gangveg Stave-Jarnes (reguleringsendring for Nedre Ikornnes) | 26.06.2006 | H910_93 |
| 15282006002 | Bebyggelsesplan for område B2 (Reg.Plan Grebstad I/Myra) | 01.11.2006 | H910_94 |
| 15282006003 | Reguleringsendring for Aure Aust, Barnehage tomte, Krikane II | 27.03.2006 | H910_95 |
| 15282007002 | Reguleringsplan for Skjerva, del av gnr. 14 bnr.2 | 29.10.2007 | H910_96 |
| 15282008001 | Reguleringsendring for Aursnesområdet, Ørsnes Ferjekai | 22.09.2008 | H910_97 |
| 15282008003 | Reguleringsendring for Aure Aust, Haugsetvegen | 11.02.2008 | H910_98 |
| 15282008004 | Reguleringsplan for Sørestranda skule | 30.06.2008 | H910_99 |
| 15282010003 | Reguleringsendring for del av "Jacobsgarden", gbr. 14/13 | 28.06.2010 | H910_100 |
| 15282010004 | Reguleringsplan for Ørsneset, Industriområde del av Gnr. 2/2,3,9,33 | 13.12.2010 | H910_101 |
| 15282010007 | Detaljregulering for Jarnes Aust (industriområdet) | 19.09.2018 | H910_102 |
| 15282011001 | Reguleringsplan for Grebstadlia, del av gnr. 7 bnr. 9 | 11.04.2011 | H910_103 |

| | | | |
|-------------|--------------------------------------------------------------------|------------|----------|
| 15282012001 | Detaljregulering for Aurelia II, felt B2 og B3 | 04.02.2013 | H910_104 |
| 15282012005 | Detaljregulering for Vik, gnr./bnr. 17/309 | 07.04.2014 | H910_105 |
| 15282013003 | Reguleringsplan for Meieridalen | 27.05.2013 | H910_106 |
| 15282013004 | Detaljregulering for Nyheim boligfelt, B2 - gnr./bnr. 7/44 | 16.03.2015 | H910_107 |
| 15282013005 | Reguleringsplan sentrum | 20.06.2016 | H910_108 |
| 15282014001 | Detaljregulering for Aure Panorama | 22.09.2014 | H910_109 |
| 15282014003 | Detaljregulering for gnr. 14 bnr. 433 | 09.11.2015 | H910_110 |
| 15282014005 | Detaljreguleringa for Klokkehaug 15/1 | 12.12.2016 | H910_111 |
| 15282015002 | Detaljregulering for B12 — 18/23 | 19.09.2016 | H910_112 |
| 15282015008 | Detaljregulering for Vikedalen II | 20.06.2016 | H910_113 |
| 15282016007 | Detaljregulering for rundkøyring ved småbåthamna, ved FV73 og FV60 | 19.03.2018 | H910_114 |